



Randi Træland Hella



Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/3035 - 15/34983

Saksbehandlar:

Kristin Moe

Kristin.Moe@lindas.kommune.no

Dato:

13.11.2015

Kommunedelplan for oppvekst - Lindås kommune - Etablering av referansegruppe

Lindås kommune innbyr med dette til deltaking i referansegruppe i samband med prosjektet Kommunedelplan for oppvekst. Gjennom prosjektet skal kommunen utarbeide ein kvalitetsplan for sektoren som skal vise mål og strategiar for ein heilskapleg innsats retta mot barn og unge i kommunen. I etterkant av at kommunedelplanen er ferdig, blir det utarbeidd ein handlingsdel med eit 4-årig perspektiv. Handlingsdelen skal rullerast årleg.

Prosjektgruppa har arbeidd med prosjektskissa ei tid no, og treng innspel frå referansegruppa for definere endeleg innhald i prosjektet, mellom anna i høve til målsetjing, framdrift, deltakarar, prosess og medverknad. Ut i prosessen blir referansegruppa også brukt for å reflektere kring status, behov og tiltak.

Første møte i referansegruppa blir måndag 30.11.15, kl. 13.00-15.00, i kantina i Nordhordlandshallen.

Prosjektgruppa har sett opp framlegg til område som bør vere representert i referansegruppa, og eg ber om at einingsleiarar ser til at alle områda blir representert inn i gruppa. Send namn på deltakarar til underteikna så snart dette er avklart. Ber også om at representantane som ikkje står på mottakarlista får innbydinga sendt vidare så snart ein har avklart deltaking.

Vonar de alle har høve til å hjelpe til med rekruttering til referansegruppa. Det er viktig med breidde i gruppa, slik at vi får innspel frå ulike felt, både med omsyn til alder, tilbod, arena, fagfelt og roller. Saman skal vi arbeide fram ein kvalitetsplan som prioriterer satsing og tiltak som skal vere med på å skape grobotn for **Trygge barn og unge som deltar, meistrer og lærer**. Målsetjing, tiltak og prioritering i høve til dette skal vi definere og konkretisere i løpet av prosjektet. Ein svært viktig prosess, som prosjektgruppa med fleire ser fram til å ta fatt på.

Det er fint om eg får tilbakemelding om deltaking (namn på representant) innan 25.11.15.

Eg ønskjer kvar og ein hjarteleg velkomen!

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Til referansegruppa ønskjer vi deltaking frå:

Helsestasjon	avdelingsleiar	2 fagpersonar
Kultur	einingsleiar	
Barnevern	einingsleiar	
NAV	leiar	1 fagperson barn/unge/andre
PPT		2 fagpersonar
Psykisk helse og rus		1 fagperson
Kommunepsykolog		Barn/unge, vaksne
Lege helsestasjon/fastlege		1 lege
Bup	leiar	
Politi		1 betjent
VOP		1 fagperson
Barnehage	1 styrar kommunal barnehage 1 styrar privat barnehage	3 fagpersonar kommunal barnehage 1 fagperson privat barnehage
Grunnskule	2 rektorar kommunal grunnskule 1 rektor privat grunnskule	6 fagpersonar kommunal grunnskule 1 fagperson privat grunnskule
Vidaregåande skule	rådgjevar	
OT-PPT		1 fagperson
Vaksenopplæring	leiar	
Spes.ped. førskule		1 fagperson
Læringscenter		1 fagperson
HTV	1 repr. (I tillegg til Utdanningsforbundet)	
HVO		

Deltakarar i prosjektgruppa har også høve til å delta i referansegruppa.

Med helsing

Kristin Moe
kommunalsjef oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ørjan Raknes Forthun

Terese Folgerø

Mottakarar:

Randi Træland Hella
Øyvind Stang
Kari Fanebust
May Hundvin
Bodil Rossnes
Reidun Sæbdal
Julie Helbostad
Mona Hagemick
Ragna Midtbø
Sally K. Kjelstrup Solberg
Terje Hugo Aarvik
Martin Dahl
Lill Cecilie Bjørndal
Iselin Rundhovde
Benedicte Rakel Rikstad
Jarle Næss
Håvard Giezendanner